

Fra: Eirik Herdlevær Søyland (Eirik.Soyland@bsj.uib.no)
Sendt: 20.07.2015 10:06:32
Til: Tore Slinning
Kopi: Jomar Ragnhildstveit

Emne: RE: Boston AS, søknad om konsesjon for opptak av skjelsand i Bømlo kommune, områda Nordøyane, Utfatet sør og Klovning - Høyring

Vedlegg:

Vedr. Boston AS, søknad om konsesjon for opptak av skjelsand i Bømlo kommune, områda Nordøyane, Utfatet sør og Klovning - Høyring.

Forholdet til marine kulturminne - Krav om marinarkeologiske registreringar.

Me viser til e-post motteke 02.07. 2015.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld fornying av konsesjon ved Nordøyne og ny konsesjon for Utfatet Sør og Klovning. Me har ingen innvendingar mot at konsesjon vert forlenga i området ved Nordøyane. Her har det vore tatt opp skjellsand i fleire år og tiltakshavar er kjend med kulturminne på Hespriholmen. Me har opplysningar om at skonnerten «Familien» gjekk ned ved Espevær i 1869, sjølv forlisstaden er ukjend. Utfatet Sør og Klovning ligg i dei ytre områda og det er ikkje utenkeleg at den har forlist her. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderar me derfor for å være til stede ved Klovning og Utfatet Sør.

Bergens Sjøfartsmuseum krev som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Saksbehandlar/Marinarkeolog
55 54 96 04
marinarkeologi@bsj.uib.no
www.facebook.com/Sjofartsmuseum

From: Jomar Ragnhildstveit [<mailto:Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no>]

Sent: Monday, June 29, 2015 1:02 PM

To: Bømlo kommune; Fylkesmannen i Hordaland; Fiskeridirektoratet, region vest; Kystverket Vest; Mattilsynet, region sør og vest, Avdeling Hardanger og Sunnhordland; Bergens Sjøfartsmuseum; Telenor; Forsvarsbygg

Subject: Boston AS, søknad om konsesjon for opptak av skjelsand i Bømlo kommune, områda Nordøyane,

Utfattet sør og Klovning - Høyring

Sjå vedlagte saksdokument.

Helsing

Jomar Ragnhildstveit

Seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | klima- og naturressursseksjonen

Tlf: 55 23 93 08 | Mob: 976 66 576

www.hordaland.no